Fitjar kommune

Arkivkode: L00
Saksmappe: 2026/1319
Sakshandsamar: Øystein Sørli
Dato: 29.10.2026

MØTEBOK

Forskrift om gebyr i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbruks-saker og saker etter veglova hamne- og farvasslova og regelverk for forureining 2027 - på høyring

Utval sak	Utval	Møtedato
58/26	Formannskapet	28.10.2026

Vedlegg:
1 Forskrift om gebyr bygge delings seksjonerings matrikkel landbruk veg hamn forureining 2027
2 Forskrift om gebyr bygge delings seksjonerings matrikkel landbruk veg hamn 2026
3 Forurensningsforskrift 2025
4 Gebyrsatsar forureining 2025

Innstilling frå kommunedirektøren:
Lokal forskrift om gebyr i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbrukssaker, saker etter veglova, hamne- og farvasslova og regelverk for forureining 2027 vert lagt på høyring, jf forvaltningslova § 37.

Gjeldande forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining, Fitjar kommune, Vestland fylke vert oppheva ved iverksetting av ny lokal forskrift om gebyr i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbrukssaker, saker etter veglova, hamne- og farvasslova og regelverk for forureining 2027.

Saksprotokoll i Formannskapet – 28.10.2026

Behandling:
Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak:
Lokal forskrift om gebyr i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbrukssaker, saker etter veglova, hamne- og farvasslova og regelverk for forureining 2027 vert lagt på høyring, jf forvaltningslova § 37.
Gjeldande forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining, Fitjar kommune, Vestland fylke vert oppheva ved iverksetting av ny lokal forskrift om gebyr i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbrukssaker, saker etter veglova, hamne- og farvasslova og regelverk for forureining 2027.

Bakgrunn:
Fitjar kommune må vedta ny gebyrforskrift for saker som vert handsama etter fylgjande lover:

Plan- og bygningslova
Matrikkellova
Eigarseksjonslova

Hamne- og farvasslova
Konsesjonslova
Jordlova
Veglova
Forureiningslova
Forureiningsforskrifta

Gebyrforskrifta for Fitjar er basert på prinsippet om sjølvkost etter vedtak i Fitjar kommunestyre. For saker etter regelverk for forureining er prinsippet om sjølkost heimla i statleg forskrift.

Forskrifta vert revidert kvart år og skal kunngjerast på Lovdata.

For tidlegare år har gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverk for forureing vore i eiga gebyrforskrift. Gebyr for slike saker blir frå 2027 slatt saman med gebyrforskrift etter byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbrukssaker og saker etter veglova og hamne- og farvasslova. Gjeldande forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining, Fitjar kommune, Vestland fylke vert oppheva ved iverksetting av ny lokal forskrift om gebyr i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbrukssaker, saker etter veglova, hamne- og farvasslova og regelverk for forureining 2027.

Ved utforming og revidering av forskrifter skal saka leggjast ut på høyring før vedtak og deretter publiserast på Lovdata jf. forvaltningslova § 37. Gebyrforskrifta for 2027 vert difor no lagt fram som sak, der formannskapet skal vedta å leggja saka på høyring. Etter at høyringsperioden er ute, vil saka leggjast fram for formannskapet på ny, og for kommunestyret for endeleg vedtak. Etter endeleg vedtak skal forskrift for 2027 kunngjerast som lokal forskrift på Lovdata (lovdata.no).

Vurdering:

Forslag til endringar frå forskrift 2026 til forskrift 2027 er merka med raudt i forskrifta for 2027, og lista opp og gjennomgått under:

Generell prisauke:
Dei fleste gebyrsatsane er auka jamt i samsvar med kommunal deflator. Kommunal deflator er sett i statsbudsjettet som vart lagt fram 7. oktober 2026. Framlegget til gebyrforskrifta er difor lagt fram med kommunal deflator på 3,8 % i samsvar med framlegget til statsbudsjett for 2027.

Beløpa er avrunda til næraste 50 kr, bortsett frå timeprisar som er avrunda til næraste 10 kr. For saker der gebyret er fastsett i andre statlege forskrifter er ikkje gebyret endra. Gebyr for nokre sakstypar er auka meir enn kommunal deflator. Desse er spesifisert nærare under.

Byggesaker:
Det er lagt til nytt gebyr i byggesaker som gjeld offentleg toalett, badstu, garderobe mm opptil 20 m², bygningstype 840. Gebyr for denne type bygg har mangla i tidlegare gebyrforskrifter. Gebyrstorleiken er sett utfrå antatt tidsbruk.

Dispensasjonar:
Gebyret for dispensasjonar som krev uttale og politisk handsaming er auka med 15%. Kommunedirektøren ser at tidsforbruk i administrasjonen på dispensasjonssøknader har auka monaleg dei siste åra, og ser seg nødt til å auka gebyret i slike saker. Dette gjeld særleg dispensasjon frå PBL §1-8 der det har vist seg ofte å bli både synfaring og klagehandsaming.

Plansaker:
Gebyr for handsaming av plan etter forenkla prosess (mindre endring) er auka med 15% av di tidsbruken i slike saker gjerne følger tidsbruken i dispensasjonssaker. Gebyret vert sett litt rimelegare enn dispensasjonar då det er eit større poeng å heller ha eit oppdatert planverk framfor fleire dispensasjonar.

Forureiningssaker:
Saker etter regelverk for forureining har tidlegare lege i eiga forskrift. For ei meir samla og oversiktleg gebyrforskrift er forskrift om gebyr for slike saker innlemma i ei samla gebyrforskrift for byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbruks-saker, hamne- og farvassaker, saker etter veglova og regelverk for forureining.

Gebyrsatsane etter regelverk for forureining har vore uendra sidan 2025. Gebyrsatsane vert no auka også i slike saker i samsvar med kommunal deflator. Det er frå 2027 også lagt til eit gebyr for utslepp av kun gråvatn.

Oppsummering og konklusjon:

Kommunestyret i Fitjar har vedteke at prinsippet om sjølvkost skal ligga til grunn for gebyrforskrifta. For saker handsama etter regelverk for forureining er det fastsett i forureiningsforskrifta §2-12 at gebyra samla sett ikkje kan overstige kommunen sine kostnader i slike saker.

For å oppnå sjølvkost må det leggjast på ein høgare prisauke enn kommunal deflator på nokre få av gebyrpostane. Særleg ser me at tidsbruken kommunen har brukt på dispensasjonar som krev uttale, og vert handsama politisk i Utval for plan og miljø, jamt over har vore større enn tidsbruken gebyrforskrifta har lagt opp til. Kommunedirektøren ser seg difor nøydd til å tilrå ein større auke i gebyret for slike saker enn generell antatt prisauke. Det er i tråd med at det også tidlegare er informert om at kommunen p.t. ikkje oppnår sjølvkost innanfor dette område.

Kommunedirektøren meiner gebyrforskrifta kan sendast på høyring slik den føreligg.

Steinar Dalland
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.